



Helse og omsorgsminister Bent Høie
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1828 - 14/14064

Saksbehandlar:
Astrid Aarhus Byrknes
ordforar@lindas.kommune.no

Dato:
11.06.2014

Invitasjon

Fyrst så vil eg takke for sist, i ulike debatter på Stortinget og for møtet eg fekk med deg i den tida eg var vararepresentant i Knut Arild Hareide sin pappapermisjon.

Det var ei lærerik og interessant tid dei tre månadane eg hadde på Stortinget, men det var også veldig kjekt å vere attende i kommunen og det er eit stort privilegium å vere ordfører.

Då vi snakkast sist så sa eg at eg gjerne ville invitere deg til Lindås kommune, noko du synes høyrdes interessant ut. Dette fordi vi har mange gode tiltak i gong og i utvikling på helse og omsorgsfeltet.

Lindås kommune er bla pilotkommune når det kjem til velferdsteknologi, eller omsorgsteknologiprojektet som vi kallar det. Omsorgsteknologi skal implementerast i over 200 bustader i kommunen, hos brukarar av ulike heimetenester, men også der hjelpebehovet ikkje er stort, men der ein ser effekt av førebygging.

Prosjektet har støtte frå forskningsrådet, og er i samarbeid med Høgskulen i Bergen både helsefag og ingeniør utdanninga.

Vi har bla fleire sjukepleiarar som har tatt vidareutdanning i omsorgsteknologi gjennom avdeling for ingeniør fag.

Der er mykje som skjer i prosjektet, og eg vil svært gjerne ta deg med til prosjektleiinga, visningsrommet vårt, men også til ein av brukarane av denne tenesta.

Statsminister Erna Solberg besøkte bla omsorgsteknologi prosjektet i fjor i valkampen.

Vidare så har vi eit flott dagsenter for heimebuande demente. Dette er eit dagsenter som har vekt stor merksemd, vi har bla fått demensprisen i 2013 frå Nasjonalforeninga for folkehelse, og personalet har laga eit bildeprosjekt der dei føl brukarane gjennom dei ulike årstider, aktivitet i huset og alt som rører seg.

Dagtilbodet er eit samarbeid mellom kommunen og helselaget – frivillege i bygda Alversund.

Regionalt, mellom 9 kommunar jobber vi gjennom regionrådet og helseutvalet som eg leier med å realisere eit regionalt helsehus. Dette er i samarbeid med Helse Bergen og Haraldsplass diakonale

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



sjukehus. Vi har også 5 ØH senger på vår interkommunale legevakt i Knarvik og desse sengene vert drifta i samarbeid med vårt lokal sjukehus Haraldsplass.

Eg håper helse og omsorgsministeren ynskjer og har høve til å besøke Lindås kommune, både for å sjå kva muligheter her er, kordan vi arbeider, men også for gjensidig informasjon og dialog.

Statsråden må gjerne foreslå kva tidspunkt som kan passe, så skal vi lage eit opplegg etter det. Hjarteleg velkomen til Lindås.

Med helsing

Astrid Aarhus Byrknes
ordfører

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Helse og omsorgsminister Bent Høie Postboks 8011 0030
Dep

OSLO